

Synspunkt vedr synfaring i Åsen – Valdalen 3.sept 2025

Eg er ein av to grunneigarar på denne eigedomen og representerer i dette høvet begge grunneigarane. Eg har gode minne frå tida før neddemming av dalen, men kan ikkje nytta området på same måte som mine forfedre. Denne ytringa omhandlar tilkomst til eigedom.

Konsesjonæren er iflg vilkår i overskjønn pkt. 11E pålagt «å etablere fast båtrute på Valdalsmagasinet i sommertiden og weaselrute i Valdalen fram til Middalen i vintertiden».

Dette kravet vart etter vårt syn dels erstatta av ein avtale mellom Konsesjonæren og Odda Kommune, der Konsesjonæren bygde veg på vederlagsfrei grunn, og at kommunen overtok vegen og vegvedlikehald, samt ein symbolisk sum på 100 000 kroner. Vegen er slik den no framstår ikkje berre tidvis svært dårlig vedlikehaldt men og dels dårlig bygd. Mange støttemurar er tekne av ras eller har ikkje egna utforming. Som kanskje kjent har busselskapet innvendingar mot ferdsel grunna uforsvarleg standard. Kjøyring vidare innover dalen ber stadvis minst like sterkt preg av uforsvarleg standard.

Sommarveg/båthamn.

Kraftverksjefen her bad for få dagar sidan oss grunneigarar om løyve til å utbetra denne sidevegen såpass at de som står her no kunne fraktas hit med buss. Alternativet var at vi avviste ynskje for å dokumentera elendig vedlikehald. Denne sidevegen har funksjon berre som tilkomst til naust og båtopptrekk. Ansvar for veg, opptrekk og vedlikehald må sjølv sagt påleggjast kraftverket og presiserast i vilkårsrevisjonen med mindre det vert bygd veg til Kjørberge. Retningslinjer for vedlikehald må avtalast spesifikt med brukarar og grunneigarar og inngå i vilkårsrevisjonen. Båtopptrekket hadde tidlegare skinnegang med tralle som var tilnærma ubrukeleg. Det må anordnast nytt regime her slik at ikkje erosjon krev kontinuerleg vedlikehald og brukarar kompenserast slik at utsetjing/opptak av båt kan skje med tidsaktuellt utsyr som båttilhengar heile sesongen til aktuellt vassnivå, dette som følgje av reguleringa. Plass for parkering og oppstilling av båtar må ervervast og opparbeidast

Før neddemming låg hovudvegen i botn av dalen, dels bygd/kosta og vedlikehalden av grunneigarane. Tilkomst var såleis tilnærma fårefri året rundt. Det er allment kjent at avtalen RSK gjorde med kommunen om overtaking av vegen var grovt urimeleg sett frå kommune og grunneigarar. Det er såleis sjølv sagt at denne urenheten ikkje må vidareførast, men rettast i revisjonsvilkåra og konsesjonæren må påleggjast framtidig forsvarleg vedlikehald ihht spesifikke retningslinjer.

Vinterveg.

Kraftverkseigar avviser ansvar for vintertilkomst. Det er ikkje til å forstå at denne uviljen eller moralen hjå operatøren tener saka, og om ikkje vilkårsrevisjonen kjem med pålegg som ivaretek og kompenserer brukarar og grunneigarar, må saka prøvast rettsleg. Det er gjort greie for grunnlag for påstand i skriv til RSK.

Det er ein realitet at tilkomst til eigedommane på vinteren er därleg og tidvis ikkje tilrådeleg utan luftransport, og som ein grunneigar skriv «**har tilkomsten vore ein «katastrofe heilt sidan neddemminga i 1966»**. Avgått damvoktar med 30 års erfaring skriv at «**i alle åra etter neddemminga, har me sett mange nestenulukker**». Mange år og i aukande grad har isen vore därleg egna for ferdsel og i 1988 var den ikkje farbar før 7.mars . Grundig utredning og analyse låg til grunn for berekning av tilkomst på farbar is for konsesjonsvilkår. Klimaendringar og manøvrering stadfester at ferdsle på isen i liten grad kan pårekna forsvaret og såleis må frå-rådast. Ein evt konsesjon for pumpekraftverk gjer situasjonen ytterlegare håplaus.

Eg vil tru at tunell på heimste del, evt rassikker trase for trakkemaskin bak Klientenuten i kombinasjon med teneleg og rassikker veg langs opprinnlege Valdalsvatn er mest aktuelle løysingar. Den tidvis nyttar traseen med vinterferdsel på bilvegen frå Grytingstøl til Bakken går gjennom rasområde så vel i Åsen (to hytter og eit uthus har vorte råka) som skredrenna/ryggen ved første stølslægeret (skredråka få år etter oppføring – murane viser staden framleis) nokre hundre meter herifrå. Sistnemnde er tidvis særstakt omfangsrik. Såleis må vinterløypa leggjast i strandsona nedom «stølslægeret ved veg/vassenden på gammalvatnet» .

Historisk sett har eit uttal tiltak i Hardanger mot skred med sikring og tunnellar både vore til latter og fortviling hjå berørte brukarar. Oftast er dei prosjekterande styrde av økonomi og teori, som ikkje samsvarar med verkelgheita. I denne saka må det og nyttast god lokal kunnskap og røyndom hå lokale brukarar, slik at ein får varig gode resultat Det tener saka at desse kreftene vert nytta i planlegginga.

All tilkomst i dalen må sjåast med ny horisont og opparbeidd brukarerfaring og inngå i reviderte vilkår.

Bjarne Tokheim